Fylkesmannen i Oppland

Lom kommune
Midtgard
2686 LOM
Att. Silke Hansen

Dykkar referanse		Dato	14.05.2018
Vår referanse	2018/2769-2 433.52 BBD		
Sakshandsamar	Benedicte Broderstad, tlf. 61 26 60 55		
Avdeling	Miljøvernavdelingen		

Avslag på søknad om skadefellingsløyve på kongeørn - Lom kommune

Fylkesmannen i Oppland viser til brev av 4. mai 2018 frå Lom kommune. Kommunen søkjer på vegne av Lom tamreinlag om løyve til skadefelling av ei kongeørn i området Veodalen og Smådalen i Vårdalen statsalmenning i Lom kommune.

Med heimel i naturmangfoldlova § 18 bokstav b og § 77, jf. forskrift om forvaltning av rovvilt § 12, jf. §§ 1 og 3, avslår Fylkesmannen i Oppland søknaden frå Lom kommune om løyve til skadefelling på ei kongeørn. Årsaka til avslaget er eit avgrensa skadeomfang

Dette vedtaket ble oversendt pr- e-post den 14. mai 2018. Rovviltnemnda er orientert om vedtaket.

Bakgrunn

Lom kommune, på vegne av Lom tamreinlag søker på bakgrunn av ein påvist skade på reinskalv (pr. 4. mai 2018) om skadefellingsløyve på ei kongeørn. Etter søknaden vart innsendt har SNO stadfesta at det er to påviste skadetilfeller der kongeørn har drept reinskalv. Det har i mange år vore kongeørn i området, og i 2016 var det påvist eit tilfelle der kongeørn tok reinskalv, i 2017 to skadetilfeller i månadsskifte april/mai.

Lovgrunnlaget

Det rettslege grunnlaget for avgjera er lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald § 18 bokstav b og § 77, jf. forskrift 18. mars 2005 nr. 242 om forvaltning av rovvilt (rovviltforskrifta) § 12, jf. §§ 1 og 3.

Naturmangfoldlova § 1 (formål):
"Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur."

Naturmangfoldlova § 18 (annet uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk etter vurdering av myndighetene):
"Kongen kan ved forskrift eller enkeltvedtak tillate uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk

a) for å beskytte naturlig forekommende planter, dyr og økosystemer,
b) for å avverge skader på avling, husdyr, tamrein, skog, fisk, vann eller annen eiendom,

c) for å ivareta allmenne helse- og sikkerhetshensyn eller andre offentlige interesser av vesentlig betydning,
d) (…)

Vedtak etter første ledd bokstav a til f kan bare treffes hvis uttaket ikke truer bestandens overlevelse og formålet ikke kan nås på annen tilfredsstillende måte. (…)"

Rovviltforskrifta § 1 (formål):
"Formålet med denne forskrift er å sikre en bærekraftig forvaltning av gaupe, jerv, bjørn, ulv og kongeørn. Innenfor en slik ramme skal forvaltningen også ivareta hensynet til næringsutøvelse og andre samfunnsinteresser. Forvaltningen skal være differensiert slik at hensynet til ulike interesser vektlegges forskjellig i ulike områder og for de ulike rovviltarter."

Rovviltforskrifta § 12 (skadefelling av kongeørn):
"Fylkesmannen kan gi tillatelse til felling av enkeltindivider av kongeørn som volder vesentlig skade på bufe eller tamrein, forutsatt at felling kan rettes mot bestemte individer, jf. viltlovens § 14. Vedtak om felling skal være begrenset til et bestemt område og tidsrom. Det kan knyttes vilkår til fellingstillatelsen."

I kommentar til § 12 i rovviltforskrifta står det vidare:
"For felling av kongeørn er det et vilkår at andre tiltak for å forebygge skade er utprøvd i rimelig utstrekning. Kongeørn opptrer som skadevolder i mer avgrensede tidsperioder enn de andre artene, og skader kan ofte forebygges gjennom enklere tiltak. Fellingstillatelser kan gis for å stoppe en pågående skadesituasjon, men det tillates ikke felling utelukkende for å forhindre framtidige skader som for de andre artene. Fylkesmannen kan derfor gi tillatelse til felling av enkeltindivider av kongeørn som volder vesentlig skade på bufe eller tamrein, forutsatt at fellingen kan rettes mot bestemte individer som volder skade. Vedtak om felling skal være begrenset til et bestemt område og tidsrom. Det kan knyttes nærmere vilkår til fellingstillatelsen, herunder at etablerte par eller voksenfugler skal være unntatt og at felling foretas av nærmere bestemte personer. Felling kan iverksettes uten hensyn til fredning, men skal følge bestemmelsene om ordinær jaktutøvelse fastsatt i medhold av viltloven."

Fylkesmannens vurdering

Etter naturmangfaldlova § 5 er det eit mål at artane og deira genetiske mangfald blir ivareteke på lang sikt og at artene finst i levedyktige bestandar i deira naturlege utbreiingsområder. Tiltak etter naturmangfaldlova skal likevel bli vurdert opp mot andre viktige samfunnsinteresser, jf. § 14. Ein slik avveging skal ikkje føre til at ein ser bort frå målet i § 5, men at tiltaket vil kunne føre til at målet i § 5 blir nådd på ein anna måte eller i eit anna tempo enn om naturmangfaldet hadde vore det einaste omsynet å ta, jf. prinsippet om geografisk differensiert rovviltforvaltning.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldlova leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit. Fylkesmannen har lagt til grunn eksisterande kunnskap om kongeørn i handsaminga av saka, jf. § 8. Pr. i dag er ikkje systemet for overvakinga av kongeørn like intensivt som for de andre store rovdyra. Det blir arbeida med å få et slikt system på plass, noko som vil føre til at kunnskapsgrunnlaget om kongeørn og forvaltninga av han vil kunne bli betra jf. prinsippet i § 8. Rovviltnemnda har dei seinare åra styrka bestandsovervakinga i Oppland. Ein reknar ein har 60-65 kongeørnpar. For dårleg kunnskap om arten fører til at føre-var-prinsippet kommer i bruk, jf. naturmangfaldlova § 9. Sidan Fylkesmannen gjev avslag på søknaden om felling av kongeørn, vil ikkje §§ 10-12 vere relevante i denne samanheng.

Statens naturoppsyn har dokumentert to reinskalvar drepen av kongeørn i området. Det er av reinsgjetarane observert fleire kongeørn i området.

Rovviltforskriftas § 12 gjev Fylkesmannen heimel til å kunne gje betinga skadefellingsløyve på kongeørn. Denne føresegna stiller likevel strengare krav for å gje eit fellingsløyve enn kva som gjeld for dei andre store rovdyra. Med til no to dokumenterte skader ser Fylkesmannen skadeomfanget for å være så avgrensa at kravet i § 12 om at det skal være voldt vesentleg skade, ikkje er oppfylt.

Vidare er det slik at kongeørn volder størst skade tidleg på våren når reinskalvane er små og sårbare, og ein kan forvente at predasjon frå kongeørn vil bli mindre utover i beitesesongen. Alle skadane som vart påvist i 2016 og 2017 var og i april/mai.

Etter ei totalvurdering gjev Fylkesmannen i Oppland avslag på søknad om skadefelling av ein kongeørn i Lom kommune. Vedtaket er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 18 bokstav b og § 77, jf. forskrift om forvaltning av rovvilt § 12, jf. §§ 1 og 3. Årsaka til avslaget er at det er eit avgrensa skadeomfang.

Klagerett
Det kan klagast på vedtaket innan tre veker til Miljødirektoratet. Ein eventuell klage sendast til Fylkesmannen i Oppland.

Med helsing

Vebjørn Knarrum e.f.
avdelingsdirektør

Benedicte Broderstad
rådgjevar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til:
Lom Tamreinlag ANS Ottadalsvegen 5521 2686 LOM